

Årsmøte i Øvre Naustdal Utmarkslag for 2014

Møtereferat.

Årsmøtet vart halde på Instedalen skule 27.02.2015, kl 19.30

Desse møtte:

Normund Svoen, Gudmund Eimhjellen, Marius Nes, Egil Eimhjellen, Odd Vonen, Inge Svorstøl, Atle Fimland, Andreas Sørebo, Ståle Fimland, Geir Lunde, Leif Arne Hundeide, Svein Svorstøl, Kjell Klopstad

Leiar Normund Svoen ynkste vel møtt til årsmøtet.

Sak 1 Val av møteleiar

Normund Svoen vart samrøystes vald.

Sak 2 Val av skrivar

Kjell Klopstad vart samrøystes vald.

Sak 3 Val av to årsmøtedeltakarar til å skrive under møteboka.

Odd Vonen og Inge Svorstøl vart samrøystes valde.

Sak 4 Godkjenning av innkalling.

Innkalling og sakliste har vore kjentgjort på nettside og ved påminning gjennom SMS. Samrøystes godkjent.

Sak 5 Godkjenning av dagsorden.

Samrøystes godkjent.

Sak 6 Årsmelding 2014.

Det låg føre ei omfattande årsmelding. Møteleiar gjekk gjennom årsmeldinga punkt for punkt. Ordet vart gjeve fritt under kvart punkt.

Atle Fimland gjorde særskilt greie for villreinjakta. Grunneigarregister er no ajourført.

Gudmund Eimhjellen orienterte om småviltregistreringa.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

Sak 7 Rekneskap for 2014

Laget har ein total finanskapital på om lag kr 80 000,-

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Sak 8 Val

Valnemnda ved leiar Marius Nes la fram valnemnda sitt framlegg:

Attval på Normund Svoen som leiar.

Han vart samrøystes vald.

Attval på Gudmund Eimhjellen og Kjell Klopstad som styremedlemer.
Begge vart samrøystes valde.

Vara til styret: Narve Fimland Kjell Arne Teigen.
Begge samrøystes valde.

Årsmøtet valde slik valnemnd :
Inge Svorstøl, leiar,
Geir Lunde
Vara: Andreas Sørebo

Møtet slutt 20.40. Etter årsmøtet var det matykt.

Referent Kjell Klopstad, fredag 27. februar 2015

Møtereferat godkjent:

Odd Vonen
sign

Inge Svorstøl
sign